

## 123 år gamal dåpskjole var "tausaløn"



Erna Ljosnes med den slitesterke dåpskjolen på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dåpskjolen frå Uskedalen som sist helg vart brukt ved ein barnedåp i Gausdal og som uskedalen.no skreiv om er ikkje den eldste frå bygda vår som er i bruk. På Ljosnes har dei ein kjole som er 123 år gamal, som vart brukt seinast sist vinter og som i si tid var "tausaløn" på den andre sida av Storsundet!**

Denne dåpskjole-historia startar på Snilstveitøy og er slik: I 1895 vart Inger Bolette Øye frå Snilstveitøy gift med Peder Ljosnes – som altså var frå den andre sida av sundet. Med seg over til Ljosnes hadde ho kjolen, som ho hadde fått som betaling for si teneste som taus i Eidsvik – hos Hans Larsen Eidsvik og Brita Sørensdotter Døssland.



Dåpskjolen vart laga då Brita og Hans skulle døypa sitt første barn Samson og dåpen fann stad i 1884. Inger og Peder fekk første barnet sitt året etter at dei gifte seg – altså i 1896 og då vart kjolen for f.ørste gong nytta på dedn andre sida av sundet. Siden har han vore på Ljosnes i alle år når ein gjer unnatak for utlån til familiemedlemmer. Slekta har nytta han under dåp i Uskedalen, Rosendal og på Valen, men det er eit unnatak: Ein gong var kjolen på reis så langt som til Trondheim! Både hue og smikke høyrer til Ljosnes- Kor mange gonger

han har vore brukt er det ingen som veit. kjolen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den kvite, enkle kjolen er overraskande nok lite slitt etter å ha vore i bruk i godt over 100 år. Det høyrer til både hue og smikke. Erna Ljosnes (77) har ansvaret for dette sjeldne familieklenodiet og handsamar det med stor pietet.

Og så er spørsmålet: Er det nokon enda eldre dåpskjoler i bruk i Uskedalen?

Av Ola Matti Mathisen



Siste gongen dåpskjolen frå Ljosnes vart nytta var under ein dåp på Valen sist vinter. Frå venstre står sokneprest Jan Ove Totland, Line Hauge, Eirik Musland (som held Oda), Per Einar Hauge, Reidun Musland og Nina Elin Hauge.